

Kjæra folkevalde Representantar,

Dette brevet er formulert av ei gruppe individ med ulike politiske tilslutningar. Vi skriv i forkant av avstemminga over *Representantforslag 237 S, Innst. 26 S (2023-2024)* om 1) Erkjenninga av Palestina som eigen stat, 2) Norsk tilslutning til FN sin Apartheidkonvensjon, og 3) Norsk forbod mot varar og tenester frå selskap og verksemder på okkupert jord produsert i strid med folkeretten.

Som samfunn må vi taka avstand frå ikkje-proporsjonal bruk av vald og kollektiv straff av sivilfolk, og vi må slå ring kring internasjonale fellesskap, som FN, etablert for å verna om menneskerettar og menneskeverd. Staten Noreg har sidan Oslo-1 teke på seg rolla som meklar og fredsforkjempar internasjonalt og vi er mange som er stolte av dette. Av denne rolla følger også ei særleg diplomatisk forplikting.

Vegkartet som Oslo-avtala teikna opp i si tid er brote gong på gong, og sidan 2021 har både Human Rights Watch og Amnesty International definert Israel sin okkupasjon som apartheid¹². Då Jonas Gahr Støre sjølv var utanriksminister var tona å oppretthalda dialog mellom partane. Frå det vi ser utfolde seg i dag, har denne haldninga feila. Nå må Noreg bytte strategi.

Om Noreg har eit ønske om ei ny diplomatisk løysing til Israel-Palestina forholdet, må begge partane kunne koma til bordet som likeverdige. Vi kan ikkje fortsetja i same spor som før. Noreg må tilslutta seg FN sin apartheidkonvensjon og erkjenninga Palestina som stat.

Utan eit handlande ledd for å handheva sine retningslinjer, er FN sin legitimitet avhengig av at medlemslanda følger fellesskapet sine prinsipp, og at brot på internasjonale avtaler får konsekvensar. Sjølv om Israel-Palestina-forholdet er spesielt vanskeleg, må vi ikkje tillata oss å ha eit utydeleg eller selektivt forhold til folkeretten eller roma-vedtektene for Den Internasjonale Straffedomstol (ICC). Noreg bør auka støtta til ICC slik at dei kan føretaka nødvendige etterforskingar, og gå i føreveg med sanksjoner mot Israel. Dette har både Spania sin minister for sosiale rett, Ione Belarra, og den belgiske visestatsministeren, Petra De Sutter, teke til orde for at EU landa må gjere med det same.

Noreg har investert mykje i Israel-Palestina forholdet over lang tid, ikkje minst som aktiv deltakar av gjevarlandsgruppa, kor dåverande Utanriksminister Anniken Huitfeldt så seint som i september i år, tok til orde for at palestinske institusjonar må styrkast³. All den kunnskap og erfaring som norske makthavarar har opparbeida gjennom tiår med diplomati må no omsetjast til handling, slik at reelle forhandlingar mellom palestinske sjølvstyremakthavarar og Israel kan

¹ <https://www.hrw.org/report/2021/04/27/threshold-crossed/israeli-authorities-and-crimes-apartheid-and-persecution>

² <https://www.amnesty.org/en/documents/mde15/5141/2022/en/>

³ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utenriksminister-huitfeldt-ledet-mote-i-giverlandsgruppen-for-palestina-ahlc/id2994930/>

oppstå. For at dette skal kunne skje må vi slutta oss til FN sin apartheidkonvensjon og erkjenne Palestina som stat, slik at det internasjonale samfunnet kan kalla partane til bordet.

I desse dagar er det viktig å understreka at palestinske sjølvstyremakthavarar ikkje er Hamas. Det vi er vitne til av tap av sivile liv bør ikkje misbrukast som grunnlag for å utsetja vidare forhandlingar, eller til å straffa palestinske sjølvstyremakthavarar ved å ytterlegare svekkja deira forhandlingssjansar. Heller er det ein grunn til å handla prinsipielt, i tråd med Oslo-avtala si eigentlege intensjon om å sikra fred, stabilitet og vyrndnad for både Palestinarar og Israellarar i Midtausten.

Vi kan ikkje påstå kva som er den beste politiske løysninga for Israel-Palestina forholdet på lang sikt, men vi vil på det sterkaste oppfordra våre representantar om å stemma for å erkjenne Palestina, fordi det er eit meiningsfullt steg framover mot ei løysing. Det gjer Noreg si forplikting til fredsprosessen tydeleg og konsekvent.

Noreg har vist evna til å taka ledinga i vanskelege diplomatiske situasjonar før, la oss ikkje forlate denne tradisjonen no.

Med helsing,

Det Norske Folk